

Årsrapport 2025

Bjørgvin biskop og bispedømeråd









Vegkryss samla over 100 unge til fellesskap, inspirasjon og demokratisk arbeid i 2025

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



Den norske kyrkja strategi for 2022-2029	 Kyrkja opnar rom for tru 3.B.1	 Kyrkja er der livet vert levd 3.B.2	 Kyrkja er meir for fleire 3.B.3
 Kyrkja for den enkelte	Forkynter evangeliet til menneske gjennom heile livet 3.B.1.1	Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar 3.B.2.1	Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt 3.B.3.1
 Kyrkja i samfunnet	Freimjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle 3.B.1.2	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt 3.B.2.2	Mo tverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på 3.B.3.1
 Kyrkja som organisasjon	Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje 3.B.1.3	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar 3.B.2.3	Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena 3.B.3.2



Rapporten er basert på førebelse tal frå SSB. Endelege offisielle tal for 2025 kjem i juni 2026.

I: Tilstandsrapport frå leiarane.....	5
II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal	7
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart.....	8
Meir himmel på jord – nokre historier	9
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2025.....	10
2 B. Volumtal 2019-2025	11
III: Aktivitetar og resultat i 2025	12
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin.....	12
3 B. Omtale av resultat og måloppnåing	14
3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru	14
3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet.....	14
3.B.1.1.1 Gudstenestelivet.....	14
Nattverd	15
Skule- og barnehagegudstenester.....	15
Høgtidsfeiring – Tilbake til det tradisjonelle?	15
3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester	16
3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar	17
Dåp.....	17
Konfirmasjon	17
Vigsler	18
Gravferder.....	18
Folkekyrkje i nytt landskap - Djupdykk i Løvstakksiden sokn i Bergen	19
3.B.1.1.4. Ungdom og unge vaksne	22
Ungdomsdemokrati.....	22
Gudstenester for ungdom	22
3.B.1.1.5 Trusopplæring	23
Framleis vekst i babysong	24
3.B.1.2. Fremjar verdjar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle	25
3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet.....	25
Podcast Benedicte og biskopen	25
3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livsynssamfunn	26
3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje.....	26
3.B.1.3.1. Rekruttering	26
3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen	27
Bjørgvinsamtalen	27
Samråd	28
3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling	28
3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd	29
3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	29
3.B.2.1.1. Konsertar og kulturarrangement	29

3.B.2.1.2. Kulturarv	30
Opne kyrkjer.....	30
Pilegrimsarbeidet	30
Samarbeid om kulturarv	31
3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt	32
3.B.2.2.1. Diakoni.....	32
3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket	33
Vern om skaparverket – grøn kyrkje.....	33
3.B.2.2.3. Klima og miljøarbeid	33
3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjесamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar.....	33
3.B.2.3.1. Misjon	33
Misjon og vennskapssamarbeid	33
3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme	34
3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar	35
3.B.3 Kyrkja er meir for fleire	35
3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til, skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt	35
3.B.3.1.1. Digital kyrkje	35
3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering	36
Inkluderande kyrkjeliv	36
3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap	37
3.B.3.1.4 Frivillig teneste	38
3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid	38
3.B.3.1.6. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet.....	38
3.B.3.1.7. Digitale verktøy.....	39
3.B.3.1.8 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd	39
3.B.3.2. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass	39
3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap	39
3.B.2.2 Presteteneste	40
3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd	41
Biskopens nyttårsmottaking	41
3.C.1 Visitasar	42
Sjømannskyrkja.....	42
IV: Styring og kontroll i verksemda	43
4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....	43
Personalpresten	44
Retreat og åndeleg rettleiing.....	44
Arbeidsrettleiing (ABV).....	44
4.B. Likestilling.....	45
4.C Vurdering av internkontroll	46

I: Tilstandsrapport frå leiarane

Bispedømerådet skal frå 2024 ikkje levere årsrapport til Kyrkjerådet. Administrasjonen skriv difor til bispedømerådet og andre organ i Bjørgvin bispedøme, som hjelp til å reflektere over "kva er dei gode strategiske vala for dei neste åra". Difor er underskrivar stiftsdirektør.

Det er mykje å glede seg over når ein les prostane sine årsmeldingar. Sokneråd og felleråda sine årsmeldingar for 2025 vil vi òg tru speglar mykje godt arbeid, men desse er ikkje tilgjengelege når vi no har skrive, men dei byggjer på dei same statistikkane som ligg til grunn for vore analyser.

Året 2025 var året då mange fekk augo opp for kor viktig det er å satse på unge vaksne.

Bjørgvin bispedøme har over lang tid arbeidd systematisk med satsing på ungdom og unge vaksne. Dette har vi gjort fordi vi har tenkt at ein har ikkje råd til å ikkje satse på ungdom.

I strategiprosessane dei siste 15 åra har «Ungdom» også vore det området kyrkjelydane har løfta fram som viktig at bispedømet støttar opp om. I 2013 var det ungdomsår. Dette samla merksemda rundt kyrkja sitt arbeid for og med ungdom i heile bispedømet. Tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida og opp til unge vaksne er det vanskeleg å klare åleine. Nokre få kyrkjelydar klarer å byggje eit godt ungdomsarbeid åleine, men skal ein lukkast over tid, tenkjer vi at ein må samhandle på mange nivå. Her er samarbeid med frivillige organisasjonar viktig, like eins samarbeid mellom kyrkjelydar.

I Bjørgvin har òg bispedømet teke ei meir aktiv rolle enn det som er vanleg. Bispedømet har mellom anna aktivt brukt unytta trusopplæringsmidlar strategisk og samla, heller enn å spreie desse ressursane utover. Skal ein lukkast i breidda, må òg tilboda ha ei breidde, og ein må ha tolmod og satse målretta. St. Jakob er eit døme på det, men også Vegkryss har vore ein viktig arena for unge leiarar. SamanTeamet er, og har vore ein sentral ressurs ute i nær sagt alle distriktprostia på større felles konfirmantopplegg. Bispedømet er aktiv i å støtte fleire store konfirmanttilbod gjennom organisasjonane, mellom anna konfirmantleirar på Framnes i regi av KRIK og KFUK/M. I samarbeid med KFUK/M har ein òg arbeidd systematisk rundt det å byggje ungdomsarbeid og leiartrening i etterkant av konfirmanttida, nokre av desse tiltaka skjer i regi av KRIK sjølv om prosjektet har vore drifta av KFUK/M. Vi trur effekten av at ein heiar på kvarandre er særskild viktig. I kyrkjeleg setting har ein over tid for ofte sløst med ressursar, mellom anna fordi tilsette har hatt sine hjarteborn, i staden for å tenke strategisk og langsiktig. Kyrkjelydar som driv eige arbeid utan å kople det mot andre er også til dels med å redusere det potensialet som ligg i å sikre breidde for eigne ungdommar, ut over lokale tilhøve. St Jakob er eit døme på at ei satsing i nokon grad har tappa nokre lokale tilbod, men samla står ein sterkare med eit sterkt St. Jakob. Og St. Jakob i seg sjølv står sterkare ved at ein har breidde i profil og samarbeid. Tidebøn, Taizé, KRIK-grupper og KFUK/M-grupper, og NMSu-grupper fangar opp fleire samla, enn om ein blir «konkurrentar». Og ein kan i liten grad styre kor unge og unge vaksne går. Om ein blir for lokalt styrt er det ein høg risiko for at unge blir borte frå det kyrkjelege arbeidet når dei er ferdige i den lokale klubben.

I alt kyrkjeleg arbeid i Bjørgvin er det vilje til å tenke at ein må være grundig i teologi, sentral i forkynninga og oppteken av å gje folk det berre kyrkja kan gje. Forma på dette er ulik i ulike miljø, og framleis har ein mykje å gå på når det gjeld å anerkjenne fullt ut at den andre si form kan vere like sentral og kristeleg som mi eiga. Samstundes er det nokon som har opplevd ting på vegen i møte med usunne miljø som treng forkynning som har rom for breidda av livet. Kva som er sunn og god teologi må ikkje undervurderast, og kyrkjelege

tilsette må bli oppmuntra til å vere frimodige i eit mediebilde der Den norske kyrkja ofte blir snakka ned. Vi har noko unikt og viktig å bidra med så menneske kan finne sunne og gode fellesskap i kyrkjeleg samanheng.

Året 2025 vart òg prega av rekrutteringsutfordringane og strammare økonomiske rammer, og ikkje minst prosessen med å redusere talet på stillingar i administrasjonen.

Vi ser noko betring i talet på søkjarar til prestestillingar. Auken er ikkje stor, og i nokon grad er det PUU («Prest under utdanning») - søkjarar som går frå anna kyrkjeleg stilling over i prestestilling. Det er òg fleire unge som søker mot kyrkjeleg utdanning, og vi er oppløfta over å ha tilsett relativt mange unge søkjarar i 2025. I nokon grad kan ein sjå dette i samanheng med den langsiktige satsinga på ungdom.

Det er viktig å ha langsiktig blick på rekruttering. For mykje tid og energi går med til å prøve å fylle opp med vikararar og andre løysingar der det er vakansar. Dette tek òg leiarkraft vekk frå meir strategisk og langsiktig tenking. På bakgrunn av dette har bispedømerådet starta eit arbeid med å sjå på ressursfordeling, forordning av gudstenester og nye arbeidsmåtar. Visitasane er viktig del av dette arbeidet og det er arbeidd med nye modellar for å leie saman, med mellom anna SOL-samtalar (*Saman om å leie*) som kom på plass frå 2025. Runden ut i alle prosti med slike samtalar med prostar og kyrkjeverjer gjev optimisme. Det same gjeld Bjørgvinsamtalen der bispedømerådet møtte soknerådsmedlemmer i på ei samling i Sogn og Fjordane og ei i Hordaland. Det skapte rom for samtalar mellom sokna som det synest å vere eit underskot på. Vi gler oss til å ta dette vidare i 2026.

Det er i hovudsak stabil og i god drift i kyrkjelydane, og dette er det viktig at ein også gjev merksemd, slik at ein ikkje lagar eit bilde av at det ikkje er ressursar eller folk. Det er samstundes stort potensiale for å auke læringa på tvers og finne ut av kva område ein kan samarbeide om.

Bergen, 27. april 2026

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjør Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til kyrkjeleg læring og undervisning (tidlegare kalla trusopplæring) og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet si tilsetjing av prestar skjer i eit tilsetjingsråd der prosten, ein representant for stiftsdirektøren, ein representant for soknerådet og ein tenesterepresentant for prestane er med. Bispedømerådet vil tilsette prostar i bispedømerådsmøte. Bispedømerådet er også arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leier prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer at folkekyrkja skal vera ei tydeleg til stades både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2025 170 sokn med tilhørande sokneråd¹. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrkjelege fellesråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).




I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.25 tilsett prestar, prostar og biskop i 150,1 årsverk. Av desse er 138,1 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 13 personar i 12,3 årsverk.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 656 916 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 294 860 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer (døypte) av Den norske kyrkja er høgast. 67,6 prosent er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 60,9 prosent i snitt for heile landet.

Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



¹ Både Aurland og Masfjorden har felles sokneråd for fleire sokn i fellesrådet..

Meir himmel på jord – nokre historier

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

Kyrkja opnar rom for tru



Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

Samlingar for «Bibel og misjon» i Voss, med regelmessig og grundig bibelundervisning for vaksne deltakarar.



Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle

Temasamlingar i Landro kyrkje med fokus på mellom anna klimaendringar, forfølgde kristne og historiske hendingar, som bidreg til refleksjon kring kristne verdiar i samtid og samfunn.



Styrkjer gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

Bispedømerådet samla i september sokneråda til to regionale samlingar med tittelen «Björgvinsamtalen». Rådsleiarar var også invitert til digitale «samråd» med bispedømerådet.

Kyrkja er der livet blir levd



Styrkjer kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

Barnekorfestivalen i Ytrebygda samla 90 deltakarar og 70 ungdomsleiarar, unge vaksne og vaksne som medverka..



Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla – lokalt, nasjonalt og globalt

Vaffelhjartekafé i Årdal, i samarbeid med skule og NAV, som kombinerer språktrening, inkludering og sosialt fellesskap.



Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

Samarbeid mellom kyrkja, bedehuset og frivillige ressursar i Samnanger om Alphakurs for ukrainske flyktningar.

Kyrkja er meir for fleire



Gjev tilhøyrse og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

Supertysdag: Nytt tilbod til småbarnsfamiliar i Ulvik Samlar meir enn 20 born pluss foreldre til middag, andakt, hobbyaktivitetar og songstund ein vanleg tysdags ettermiddag.



Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på

Drop-in bryllaup i mange kyrkjer. Senkar terskelen for kyrkjeleg vigsle og møter menneske der dei er i livet.



Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena

Praksisplass for HVL-studentar i sosialt arbeid ved kyrkjekontoret i Sogndal.

2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2025

Medlemstal

Prosti	Sokn	Medl. (døyppte) 2024	Medl. (døyppte) 2025	Innbyggjar-tal	Medlemsprosent	Inn-melde 2025	Ut-melde 2025	Endringar i medl.tal siste fem år	Endringar i medl.tal 2024-2025
Bjørgvin (11 prosti)	176	445943	444104	656916	67,6	536	1705	- 2,92 %	-0,41
Bergen domprosti	6	41594	41153	74159	55,5*	71	237		-1,06
Fana	7	71451	71419	108093	66,1*	97	332		-0,04
Åsane	11	48723	48426	73183	66,2*	53	231		-0,61
Bergensdalen	9	44270	44019	79414	55,4*	83	244		-0,57
Sunnhordland	23	45909	45815	61082	75,0	61	140		-0,2
Nordhordland	13	28798	28750	38786	74,1	37	78		-0,17
Vesthordland	10	50494	50493	71158	71,0	46	201		0
Hardanger og Voss	27	33379	33100	44198	74,9	15	84		-0,84
Sogn	26	22459	22394	29637	75,6	26	30		-0,29
Sunnfjord	17	34900	34750	45672	76,1	21	75		-0,43
Nordfjord	27	23966	23795	31534	75,5	26	53		-0,71

Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja, Kirken i tall og «Kirka vår». Medlemstala blir ofte justert oppover når det blir lagt fram endelege tal frå SSB, det betyr at tala for 2025 kan auka litt.

** Samla tal for Bergen by er 176348 medlemmer av 294428 innbyggjarar, 59,9% medlemsprosent (60,5% i 2024)*

Vi ser 33% auke i innmeldingar i 2025 i forhold til 2024. Talet på utmeldingar er forholdsvis stabilt og har gått ned 1,3 % frå 1728 til 1705.

Medlemsprosenten varierer frå om lag 55 % i byprostita til 75–76 % i fleire distriktsprosti.

Endringane frå 2024 til 2025 er små, med svak nedgang.

2 B. Volumtal 2019-2025

	2019	2022	2023	2024	2025	Endring siste år i prosent
Dåpshandlingar*	4126	4131	3658	3898	4067	4,3
Registrert døypte*	(3984*)	4040	3606	3792	4001	5,5
Fødde	6638	6221	6096	6354	6438	1,3
Del utførte dåpshandlingar av fødde	62,16%	66,40%	60,01%	61,35%	63,17%	1,82 prosentpoeng
Del registrert døypte av fødde	60,02%	64,94%	59,15%	59,68%	62,15%	2,47 prosentpoeng
Konfirmerte	5108	4730	4852	4801	4870	1,4
Kyrkjelege vigsler	748	948	791	832	902	8,4
Kyrkjelege gravferder	4214	4683	4386	4334	4277	-1,3
Gudstenester totalt **	8161	7793	7584	7390	7293	-1,3
Gudstenestedeltakarar totalt	722416	576395	585016	604134	626729	3,7
















* Dåpstala er oppdatert 9.04.25 etter «Kirken i tall», som ikkje oppgjev talet på døypte i 2019 fordi det var usikker rapportering, tala i parentes er tidlegare tal.






** Gudstenestetala og deltakartala er oppdatert 9.04.25 etter «Kirken i tall».

Auken i dåpstala og i dåpsprosent frå 2024 held fram i 2025. Det var 4,3% fleire dåp i kyrkjene i Bjørgvin i 2025 enn i 2024. Vi ser også ein auke i talet på konfirmerte, vigsler og gudstenestedeltakarar. Talet på gudstenester totalt og kyrkjelege gravferder har gått ned.

III: Aktivitetar og resultat i 2025

3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål	Resultatmål	 auke  auke – ikkje eintydig  nedgang	
Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet	Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester	Gjennomsnitt søndag går opp frå 82 til 86 Gjennomsnitt alle gudstenester frå 82 til 86	
	Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenesta	4 sokn rapporterte om gudstenester med samisk innslag. Dette er 6 mindre enn i 2024	
	Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe	Talet på gravlagde i høve til tal på døde og talet på medlemmer går litt ned	
		Fleire gifter seg i kyrkja	
	Born og unge lærer om kyrkje og tru	Oppmøte på opplæringstiltak i prosent av medlemmar har gått oppover i dei siste åra. Det finst ikkje samla rapport for dette i 2025 pga. endring i rapportering	
	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Talet på døypte og dåpshandlingar aukar, også delen dåpshandlingar av fødde.	
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	87,8 % av døypte 15 - åringar blir konfirmerte. Det er ein auke på 2,7 prosentpoeng. Konfirmerte i høve alle 15-åringar i årskullet viser ein auke frå 58,5 % til 59,7 %	
	Tilbod om undervisning og fellesskap for vaksne	Det er auke i Bibelgrupper, samtalegrupper, Bibelkurs og andre opplæringstilbod	
Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje	Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka	Bispedømet har lyst ut 29 stillingar i 2025. Det vart tilsett 22 prestar, dette er ein auke på 8 tilsette	
	Styrka kompetanseutvikling	I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2025 81 e-læringskurs mot 163 i 2024.	
Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar	Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement	Det er auke i talet på deltakarar frå 194973 til 200270. Det nærmar seg talet frå 2019 (200913).	
	Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Talet på sokn med opne kyrkjer auka frå 73 til 82 og talet på sokn med pilegrimskyrkje/veikyrkje auka frå 9 til 22 Talet på dagar med opne kyrkjer gjekk ned frå 2520 til 2097.	
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.	Tal på skulegudstenester gjekk ned frå 373 til 365.	

Bidrar til å verkeleggjere berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt	Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing	Talet på møteplassar har gått ein tanke ned, men med ein liten auke for sorggrupper.	
Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integrerings-arbeid for innvandrarak har gått noko ned.	
Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige	Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben	Prestane og administrasjonen er friskare. Samla sjukefråvær er 5,72 % , 5,81 % for prestskapet åleine. Dette er ein nedgang i høve til 2024.	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige aukar frå 11315 til 11494	
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Biskopen si facebookside når lenger ut. Vi manglar statistikk over kyrkjelydane sitt digital nærvær.	

3 B. Omtale av resultat og måloppnåing

3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru

3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

3.B.1.1.1 Gudstenestelivet

Resultatmål: Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester

Indikator: Gudstenestedeltaking/frekvens (SSB)

	2019	2022	2023	2024	2025	Endring siste år %
Gudstenester totalt	8161	7794	7584	7390	7293	-1,3
Gudsteneste-deltakarar totalt	722416	576558	585016	604134	626729	3,7
Gjennomsnitt tot	89	74	77	82	86	4,9
Søn- og helgedags-gudstenester	6341	6042	5859	5565	5446	-2,1
Deltakarar søn- og helgedags gudst	571337	444193	438975	454874	466050	2,5
Gjennomsnitt søn- og helgedagsgudst.	90	74	75	82	86	4,9
Andre Gudstenester	1820	1752	1725	1825	1848	1,3
Deltakarar andre gudstenester	151079	132365	146041	149260	160679	7,7
Gjennomsnitt andre gudstenester	83	76	85	82	87	6,1

Færre gudstenester, fleire på gudsteneste kvart år sidan 2022

Tendensen frå 2022-2024 held fram. 3,7% fleire gjekk til gudsteneste i 2025, trass i at det samla talet på gudstenester i 2025 var lågare enn i 2024. Dette er same utvikling som i 2024, då det var 3,3% fleire på gudsteneste enn i 2023.

Nedgangen i gudstenester skuldast at ein medvite har hatt færre søndagsgudstenester for å tilpassa til lågare bemanning, til dels også på grunn av vakansar. Auken i gudstenester utanom søn- og helgedagar held fram og dette kan tyda på at ein har flytta nokre hovudgudstenester til ein annan dag og at kvardagsmesser vert prøvd ut og er populært. I dette talet er og gudstenester knytt til kyrkjeleg undervisning og opplæring (tidlegare trusopplæring).

Det totale oppmøtet per gudsteneste har gått jamt oppover sidan 2022, gjennomsnittleg deltaking på alle gudstenester samla har gått opp frå 77 i 2022 til 86 i 2025, og søn- og helgedagsgudstenestene har gått opp frå 75 i 2022 til 86 i 2025.

Nattverd

	2019	2022	2023	2024	2025	Endring siste år %
Gudstenester med nattverd	4468	3722	3718	3676	3620	-1,5
Nattverdsdeltakarar	157051	113284	125877	134721	142068	5,5
Gj.snitt nattverddeltaking	35,2	30,4	33,9	36,6	39,2	7,1

Auka nattverddeltaking for sjette år på rad

Talet på nattverddeltakarar har gått opp 7,1% siste år sjølv om det var 1,5% færre nattverdsgudstenester. Gjennomsnittleg deltakarar er gått opp frå 35,2 i 2019 til 39,2 i 2025 og er no over gjennomsnittsnivået i 2019 rett før pandemien.

Skule- og barnehagegudstenester

Gudst. for barnehageborn	2018	2019	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-2025 %
Gudstenester	181	174	98	158	131	118	-9,9
Deltakartal	13666	13241	6049	8191	8739	8089	-7,4
Gjennomsnitt	76	76	62	52	67	69	3,0
Gudstenester for skuleborn	2018	2019	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-2025 %
Gudstenester	421	421	370	380	373	365	-2,1
Deltakartal	73930	71644	57139	59046	56689	58770	3,7
Gjennomsnitt	176	170	154	155	152	161	5,9


Høgtidsfeiring – Tilbake til det tradisjonelle?

For å få eit betre bilete av tendensar er det nyttig å sjå på gjennomsnittet på normale søndagsgudstenester i forhold til deltaking julekvelden etter pandemien.

Deltaking i julehøgtida var i svak nedgang før pandemien frå eit gjennomsnitt på 252 i 2011 til 222 i 2019. Det er 12% nedgang på 8 år. Nedgangen julaftan var større enn nedgangen i gjennomsnittleg søndagsgudstenestedeltaking frå 102 i 2011 til 92 i 2019, 10%, noko som kunne tyda på at den folkekyrkjelege gudstenestetradisjon stod svakare enn før.

	Julaftan gudstenester	Julaftan deltakarar	Julaftan gjennomsnitt	Søn- og helgedag gjennomsnitt
2022	322	50615	157	73
2023	329	50845	155	75
2024	315	56942	181	82
2025	313	59799	191	86

I åra etter pandemien er det motsett tendens. Gjennomsnitt deltaking har gått opp 23% frå 2023 til 2025, medan gjennomsnittet søn- og helgedagar same periode har gått opp 15%.



3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester

Resultatmål: Fleire sokn inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikator: Talet på sokn med samisk innslag i gudstenesta

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2025 var det 4 sokn som rapporterte om 5 gudstenester med samiske innslag, alle i Bergen og omland. I 2024 var det 10 sokn som det var rapportert 12 gudstenester.

3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar

Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjelege handlingar vert halde oppe

Indikator: Tal på døypte, del døypte av tal på fødde, del konfirmerte av medlemmer i kyrkja, tal på vigslar, del gravferder av tal på døde medlemmer

Dåp

Resultatmål: Oppslutninga om dåp vert halden oppe

Dåp	2017	2018	2019	2022	2023	2024	2025
Dåpshandlingar	4504	4261	4126	4131	3658	3898	4067
Døypte som bur i soknet	-	-	-	4040	3606	3792	4001
Dåpskull/fødde	7011	6725	6638	6221	6096	6354	6438
Prosent døypte 0-1 år av fødde	-	-	-	59,2%	54,3%	54,9%	56,5%
Dåpshandlingar av fødde	64,2%	63,4%	62,2%	66,3%	60,0%	61,3%	63,2%

Tal på dåpshandlingar er henta frå oppdatert statistikk frå «Kirken i tall» (17.04.26) i kyrkerådet og tidlegare år er ajourført og skil seg frå tal i tidlegare årsmeldingar.

Konfirmasjon

	2018	2019	2022	2023	2024	2025	Prosentvis endring 2024-2025
Konfirmerte	5220	5102	4730	4852	4801	4870	1,4 %
Årskullet 15-åringar	7600	7770	7872	8124	8202	8151	1 %
Konfirmerte i prosent av 15-årige medlemmer ²	89,6	86,7	83,8	85,2	85,1	87,8	2,7 prosentpoeng
Konfirmerte i prosent av årskullet 15-åringar	68,7	65,7	60,1	59,7	58,5	59,75	1,2 prosentpoeng

Del konfirmerte av døypte 15-åringar

Talet på kyrkjelege konfirmantar er gått opp om lag 1,4% frå 2024 til 2025

Det er altså ein oppgang både i forhold til årskullet og i forhold til tal medlemmer i aldersgruppa. Det var ca 200 som blei døypte i samband med konfirmasjon. Det er ca 5 % av konfirmantane. Det er også noko av forklaringa av gapet mellom årskullet og tal op

² Tidlegare år var formuleringa «Konfirmerte i prosent av døypte 15-åringar»

medlemmer. Resten, i overkant av 40% er omtrent 50/50 fordelt mellom konfirmantar i HEF, andre kristne trussamfunn og dei som ikkje blir konfirmerte.

Bispedømet's satsning inn mot konfirmantarbeidet

Prostivise konfirmantsamlingar med «Saman-teamet»

Også i år har vi hatt samlingar for konfirmantane i utvalde prostiar – I Nordfjord, Sunnhordland og Norhordland prosti har det vore eit samarbeid mellom KFUK-KFUM, prostiet og bispedømet om dagsleirar, i Operahuset i Nordfjordeid, i Knarvik kyrkje og i Norheim kirke i Haugesund (Sunnhordland)

Her har bispedømet hatt innhaldet, med fellessongar, dans og forkynning, med det såkalla «Samanteamet» Det er eit band med forsongarar som har eit program, som i KFUK-KFUM har stått for aktivitetar og det praktiske, og sokna i prostiet har kome med alle sine konfirmantar.

Dette har fungert godt og alle desse prostia ønskjer å halde fram med dette også i 2026.

Konfirmantleirar med KRIK og KFUK-KFUM

Vi har også ein god dialog om KRIK-leir i vinterferien og KFUK-KFUM i haustferien. Begge leiarane er på Framnes vidaregåande skule i Kvam, og det har fungert veldig fint. Begge leirane er over fire dagar og dei har vore fullteikna med ca 450 konfirmantar og leiarar.

Vi har ein god dialog med organisasjonane om korleis ein kan hjelpe sokna i etterkant til å få til meir ungdomsarbeid. Det er ekstra gledeleg at fleire mindre sokn ser ut til å nytta tilbodet, og det var rekormange som var med på begge leiarane, som andre års konfirmantar

Vigslar

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal kyrkjelege vigslar	900	885	847	748	558	595	938	791	832	902

Talet på kyrkjelege vigslar gjekk opp med 8,4% frå 2024 til 2025 og er på nivå med 2016 etter ein nedgang under pandemien og så ein auke på 59% frå 2021 til 2022 då restriksjonane var oppheva.

Gravferder

Tal på gravferder, del gravferder av medlemmer og tal på døde totalt.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kyrkjelege gravferder	4185	4258	4214	4189	4247	4683	4386	4334	4277
Prosentdel kyrkjeleg gravferder for medl.	97,08	100,05	100,05	98,52	97,77	97,95	95,79	95,93	95,8
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde totalt	90,2	90,1	90,9	87,9	87,6	87,4	86,1	85,8	84,9


Folkekyrkje i nytt landskap - Djupdykk i Løvstakksiden sokn i Bergen

Dataverktøyet «Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet» kan hjelpe sokneråda til å forstå sitt eige lokalsamfunn. Her er eit døme på bruk av statistikk frå «Kyrkja vår» til grunnlag for strategiarbeid i Løvstakksiden sokn i Bergensdalen prosti i Bergen.




Løvstakksiden har 44% kyrkjemedlemer og er eit av dei tettast folkesette områda i landet. Den norske kyrkja er ei majoritetskyrkje for dei over vel 60 år, og for dei som er i 20-åra, men i alle andre aldersgrupper er Den norske kyrkja ein minoritet. Betyr det at ein skal trappa opp eller trappa ned? Skal ein satsa på dei unge vaksne eller dei eldre?


Dette er ein nytt landskap og statistikkar og tal kan gjere oss grunnlag for gode og strategiske val for aktivitetar som viser kyrkja relevant for alle i soknet.



Graf 1: Medlemstal og prosentdel



Graf 2: Tabell for land, bispedømme, fellesråd og sokn



Graf 3: Medlemmar per årskull i tal

Løvstakksiden sokn har 10 467 folkeregistrert i soknet og 4612 medlemmar i Den norske kyrkje. Medlemsprosenten er 44,1%. Vi skal her sjå litt nærare på tabellane og kva vi kan finne ut frå dei og lokalkunnskap.

Folketalet har vakse etter nybygging ved Puddefjorden, seksjonering og fortetting elles. Slik er området eit av dei tettast befolka i landet. Dei siste åra har folketalet stabilisert seg og gått litt ned. Det var på topp i 2022. Bustadprisane har auka mykje seinare år, og det har blitt mindre lukrativt å leige ut enn før. Truleg skuldast nedgangen auka kortidsutleige gjennom Airbnb og tilsvarande.

Soknet har mange studentbustadar, hybelbuarar, pendlarbustadar og kommunale bustadar. Det betyr at ein god del av dei som bur i soknet ikkje er folkeregistrert der, og det er også

mange som pendlar inn frå utlandet. Kanskje kan det difor vere så mange som 13 000-15 000 som «held til» i soknet (men dette er vanskeleg å finne gode data på).

Området har skåra lågast på alle levekårs-statistikkar det er lurt å ligge høgt på og motsett.

I tabell 2 ser vi at Bjørgvin har litt høgare medlemstal i alle årsgrupper enn det nasjonale snittet. Bergen treff det nasjonale snittet. Det viser at prosentdel medlemmar i resten av bispedømet er mykje høgare enn i Bergen. Tala for Løvstakksiden er merkbart annleis enn nasjonale og regionale tal. Men for to aldersgrupper treff dei på landssnittet: 20-29 år og over 90 år – men i den siste gruppa er det svært få.

Tabell 1 viser at det er relativt få personar i dei to yngste aldersgruppene, og svært låg medlemsprosent: 11,9 % for aldersgruppa under 10 år. Tabell 3 viser fordelinga av medlemmar under 20 år. Det er to 12-åringar og tre 13-åringar, og slik sett dårlege utsikter for konfirmasjonstala framover.

Frå fødsel til skulestart er det tydeleg nedoverbakke for medlemstalet (1-7 år i tabell 3). Men talet er markant høgare i slutten av tenåra (16-19 år.) Ei aktuell forklaring på dette er at medlemmar som bur i soknet flyttar før dei får første barn, eller i løpet av dei første åra etter, og at nokon ungdommar flyttar til soknet for å gå på vidaregåande skule og studiar.

Halvparten av dei som bur i soknet er mellom 20 og 40 år (tabell1) og 3444 er mellom 20 og 30 år. Så er det dramatisk færre 30-40-åringar, og vidare sterk nedgang til aldersgruppa 40-50 år. Årskulla 20-30 år ligg på nasjonalt snitt for medlemstal i kyrkja – i motsetning til nesten alle andre kull. Ein analyse av desse tala kan vere at folk flyttar til soknet i slutten av tenåra eller starten av 20-åra og bur her nokre år for studiar eller jobb, og flyttar vidare når dei etablerer seg med familie (og treng meir plass). Det er sagt at snitt butid på Løvstakksiden er tre år.

Medlemstalet i aldersgruppa 40-49 år er 28,7%, og på skulen er det 400 born. Borna har foreldre med bakgrunn frå over 100 ulike nasjonar. Det kan forklare medlemsprosenten blant born og unge (11,9% 0-9, og 22,1% 10-19 år – men her dreg 16-19 år opp snittet).

Dette viser eit mangfaldig og «sekulært» samfunn. Det betyr ikkje at folk ikkje er religiøse, men mange i aldersgruppene 30-50 år har bakgrunn frå andre land og difor annan religiøs eller konfesjonell preferanse.

Statistikken gjev ikkje alle svar, men hjelper oss å stilla relevante spørsmål:

Korleis skal ei folkekyrkje navigere i eit slikt landskap? I soknet er ein majoritetskyrkje for dei over vel 60 år, og for dei som er i 20-åra. Elles er Den norske kyrkja ein minoritet. Unge vaksne er eit satsingsområde for Den norske kyrkje, og ein har hatt ein del utredningar om minoritetsperspektiv, kristne migrantar og anna. Skal Den norske kyrkje gradvis trappe ned arbeidet ein slik stad, eller kan Løvstakksiden sokn vere ein viktig stad for å lære om å navigere i nytt landskap? Korleis kan ein ved hjelp av slike statistikkar og tal kunne gjere gode og strategiske val for å lukkast med aktivitetar som viser kyrkja relevant for alle i soknet?

3.B.1.1.4. Ungdom og unge vaksne

Indikator: Tal på deltakarar på tilbod for 13-17 år, tal på deltakarar 18-30 år (SSB)

Tilbod til ungdom / unge vaksne	2023	2024	2025	% Endring siste 1 år
Tilbod om leiarkurs 13-17 år	100	87	72	- 17,2
Deltakarar på leiarkurs for 13-17 år	556	503	763	51,7
Tilbod om leiarkurs 18-30 år	6	24	13	- 45,8
Deltakarar på leiarkurs for 18-30 år	53	73	110	50,7
Kontinuerleg tilbod 18-30 år	43	158	69	- 56,3
Deltakarar på kontinuerleg tilbod 18-30 år	1 361	1617	2029	25,5
Enkeltarrangement 18-30 år	45	56	32	- 42,9
Deltakarar på enkeltarrangement 18-30 år	1 036	1421	1211	- 14,8

Det var færre tilbod om leiarkurs for 13-17 år, men talet på deltakarar har gått opp med over 50 % slik at det i gjennomsnitt var fleire på kvart leiarkurs. Det er ein markert nedgang i tilbod for unge vaksne 18-30 år men også her ser vi ein oppgang i deltaking.

Ungdomsdemokrati

Ungdomsrådet og ungdomskonferansen Vegkryss

Bjørgvin har dei siste åra satsa breitt inn mot ungdomsdemokratiet. Ungdomskonferansen Vegkryss er ei satsing for å vekka til liv ungdomsdemokratiet i Bjørgvin, men samtidig også for å vera til inspirasjon og styrking for ungdomsleiar frå heile bispedømet. Denne kombinasjonen har vist seg å fungera godt. Fleire kyrkjelydar valde å bli med på Vegkryss som ein inspirasjon for leiarmiljøet i kyrkjelyden. I 2025 var Vegkryss halden i Nykirken og det var over 100 deltakarar.

Gudstenester for ungdom

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Barne- og ungdomsgudstenester (Frå 23-24)					1018 (678+340)	1016	1020	** 999
Ungdomsgudstenester	412	399	254	348	340	*	*	
Deltakarar ungdomsgudst	47187	45687	15975	25646	34963	*	*	
Gjennomsnitt ungdomsgudst	115	115	63	74	103			

* I 2023 var statistikken for barnegudstenester og ungdomsgudstenester slått saman, så det er vanskeleg å konkludera, men ut frå eit anslag ut frå forholdet i 2022 ser det ut som om talet på ungdomsgudstenester er stabilt. ** I statistikken for 2025 spør ein berre etter gudstenester særleg tilrettelagt for barn.

3.B.1.1.5 Trusopplæring

Resultatmål: Born og unge lærer om kyrkje og tru

Indikator: Deltakarandel i utvalde, landsomfattande tiltak.

Oversyn over alle trusopplæringsaktivitetane

År	Gjennomførte tiltak	Timar gjennomført	Frivillige	Årsverk	Medlemmer 0 til 18 år	Del-takarar	Prosentvis deltakarar av medlemmer 0-18 år
2025	-						
2024	1273	16484	4368	66,30	80895	30044	37,14 %
2023	1283	16832	4322	71,85	82595	29100	35,23 %
2022	1280	16623	4139	67,13	85784	28533	33,26 %
2021	1081	14791	2924	59,46	86691	24612	28,39 %
2020	916	13275	3110	68,05	88806	20714	23,33 %
2019	1390	17242	5167	61,94	92724	30938	33,37 %
2018	1473	18387	5709	59,86	94015	31542	33,55 %
2017	1454	17680	5917	57,98	96529	32588	33,76 %
2016	1492	19297	6311	58,27	98424	34173	34,72 %
2015	1471	19116	5487	59,87	99375	31070	31,27 %

Ved overgang frå planverktøy for trusopplæring til samla plan for kyrkjelyden i «Kyrkja vår» er det i 2025 ikkje gode nok tal til å følgje opp desse oversiktene. Det kan hende at det endrar seg, slik at vi i 2027 kan seie litt om utvikling frå 2025 til 2026 og også sjå det i samanheng med åra før. Ved endring av system er det ikkje alle ting som fungerer godt nok, eller er på plass raskt nok til at ein får ønskelege utdata.

Bispedømet har hatt fokus på at overgangen skal gå godt, at aktivitetane i kyrkjelydane skal halde fram som før. Tal og rapportering har diverre blitt vanskelegare å få til. Alle slike overgangar er krevjande og det viktigaste er å sikre kontinuitet i arbeidet som skjer lokalt.

I «Kyrkja vår» nyttar ein kategoriar for å «merke» aktivitetane. Nå er det fire aktivitetar ein har valt ut å ha fokus på innan kyrkjeleg undervisning og læring: Tårnagenthelg, Lys Vaken, 4-årsbok og aktivitet for 6-åringar.

Det er vanskeleg å finne gode tal for 2025. Men ved ei sortering i «Kyrkja vår» finn vi 3293 aktivitetar i Bjørgvin for 2025 samla innan kyrkjeleg undervisning og 44 019 deltakarar. Mellom desse er det ein del skulegudstenester som dreg tala opp.

Bispedømet anbefaler å halde fram med aktivitetar som går godt, stoppe litt opp og evaluere der ting går litt trått eller det er skiftande frå år til år, og å gjere om på det ein ikkje lukkast så godt med.

Mykje av det vi driv med av undervisningsaktivitetar er ferskvare, det som fungerer eit år kan også fungere neste år, men ingenting er sikkert. Her er nokre vurderingar som pedagogane relativt konstant har med seg i arbeidet sitt:

- Informasjon skal ut – via brev, epost, sms, Facebook-grupper, plakatar og anna. Korleis når ein ut med informasjon i dag?

- Kolliderer arrangementet med andre ting som skjer? Fotball- og håndball-kampar og cup-ar, bursdagar, eller større lokale og regionale arrangement.
- Melder folk seg på? Skal ein ha påmelding, og korleis? Melder folk seg på i tide? Skal ein purre, og korleis?
- Korleis få nok medarbeidarar til aktiviteten? Kan foreldre stille som frivillige, kan konfirmantar vere ein ressurs, kven andre frå staben får ein med seg? Nokon stader er det frivillige som driv heile aktiviteten (med litt administrativ støtte frå staben).
- Korleis få nok påmeldte til å gjennomføre aktiviteten? Bispedømet anbefaler «sikre tiltak», at ein arrangerer ting der ein veit at det kjem ein gjeng uansett (eit kor, ein klubb eller foreining), så er alle påmeldingar i tillegg ein bonus.
- Mange stader kombinerer ein fleire kull, eller inviterer frå ulike sokn. Ein kan også ha utdeling til 4- og 6-åringar og nytestamente til 10-åringar eller konfirmantpresentasjon i same gudsteneste. Det viktige er at det er plass til alle, og at alle blir sett og møtt på ein god måte.
- På enkelte samlingar kjem det ikkje så mange i målgruppa i tal eller prosent, men likevel kan samla oppmøte på arrangementet bli veldig bra på grunn av dei andre som naturleg kjem (foreldre, søsken, besteforeldre osv).

Fireårsbok-utdeling er noko som skjer dei fleste stader og har gjort det i mange år. Likevel er det ein del som skal klaffe. Mange har ei samling ein vekedag i forkant eller etterkant av gudstenesta. Andre har sett at det er vanskeleg å få familiane til gudsteneste, og legg eit arrangement til kveldstid gjerne kombinert med familiemiddag eller noko anna som går litt fast. Ein del stader har dei kombinert utdelingar for fleire aldersgrupper i same gudsteneste.

Seksårsaktivitet er ofte også bokutdeling, og det er blitt populært med skulestarts-markering med eller utan bruk av ransel.

Tårnagent er ein relativt omfattande aktivitet, og det gjer at det er blitt litt lokale utgåver med enklare preg der ein ikkje har kapasitet til full pakke.

Lys Vaken er eit stort opplegg frå laurdag ettermiddag til og med gudsteneste søndag, og med overnatting i kyrkja. Det krev mykje logistikk og frivillige for å få til dette.

I fleire av dei ulike tiltaka har nokre kyrkjelydar nokre konfirmantar som medhjelparar.

Framleis vekst i babysong

Av andre aktivitetar er det verd å nemne at dei fleste kyrkjelydar har tilbod om babysong, og driv godt med det. Det har låg terskel for deltaking, god kontinuitet og jamn deltaking. Samtalen og det sosiale i forkant eller etterkant med mat er avgjerande for relasjonsbygginga. Talet på deltakarar på baby- og småbornssong har auka frå 5419 til 6217 det siste året.

Mykje av aktivitetane innan undervisning kan formaterast på ein måte som gjer kvardagen enklare for kyrkjelydane. Det er litt ulike val ute og går. Ein del har satsa mykje på familiemiddagar og aktivitetar knytt til det. Det viktige er at kyrkjelydane gjer strategiske val, og ser fordelane og ulempene med dei vala ein gjer. Det er ofte press på ressursane; tid, pengar og lokale.

Generelt er det pedagogiske arbeidet i kyrkjelydane ein balanse mellom kontinuitet og fornying. Det er utruleg gode kreative ressursar i kyrkjelydane, og innan undervisningsarbeidet prøver ein og lærer. Ved samlingar for pedagogar handlar det mykje om å bidra til at mange kan komme med innspel, slik at alle får utvida sine perspektiv og over tid kan prege arbeidet i kyrkjelyden i positiv retning.

Det er kjekt å registrere at systematisering av erfaringar og deling av desse resulterer i stadig utvikling. Det er ikkje sikkert det vi gjorde i 2025 fungerer i 2026, men vi har lært nokon prinsipp og lytta til ein del praksis, som gjer at vi er skodde til å gjere kompetente val for det som skjer vidare. Opplæringsarbeidet i kyrkja er inne i ein viktig fase med endra planverktøy, nye rammeplanar på gong, og rammetilhøve under press.

3.B.1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle

3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet

Resultatmål: Kyrkja deltar aktivt i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom

Indikator: Kvalitativ vurdering

Biskop Ragnhild Jepsen inviterte den 16. januar til nyttårsrettaking i Bergen domkirke. Godt over 150 framømte fekk høyra biskopen sitt syn på året som har gått og tankar om året som kjem.

Biskopen har i 2025 vore noko synleg i media, både gjennom utsegner om krigen i Gaza, der ho saman med dei andre biskopane i Den norske kyrkja bad om auka politisk press for å stoppe krigshandlingane og med ein kronikk mot innføring av aktiv dødshjelp.

Ho deltok også i Pride-paraden i Bergen for første gong.

På visitasane er også biskopen til stades på ulike samfunnsarenaer, med møte med kommuneleiingar, lokale bedrifter og institusjonar, og spørjetimar med skuleelevar om tru og samfunnsspørsmål.

Podcast Benedicte og biskopen



Før påske gjekk podcasten Benedicte og biskopen på lufta. Det er ein serie der biskop Ragnhild tek lyttarane med inn i ulike tema knytt kyrkja og trua.

Bak podcasten står Benedicte Bergtun, ein ung, nysgjerrig kyrkjegjengar som lurar på det meste av det som skjer i kyrkja, om det som står i Bibelen og om trua. Ho er jurist og HR-rådgjevar ved bispedømekontoret, og har fått biskop Ragnhild i tale.

Det kom ut seks episodar i 2025, om påske, kva som skjer i kyrkjerommet, pinse, gudstenesta (to episodar) og jul.

Målgruppa for ein slik podcast er realistisk sett ikkje veldig stor. Mest lytta til er den første episoden, om påske. Den hadde 150 strøymingar. Nummer to var episoden om pinse med 94 strøymingar.

3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livssynssamfunn

Resultatmål: Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn

Indikator: Kvalitativ vurdering (med kven og korleis)

Statistikken viser 38 økumeniske gudstenester i 2025 mot 33 i 2024, 45 i 2023, 28 i 2022 og 34 i 2019. Prostane melder at det mange stader er lokalt økumenisk samarbeid om gudstenester, men det varierer mykje alt etter kva andre trussamfunn som er i lokalsamfunnet. Fleire stader leiger ein ut kyrkjer til migrantkyrkjelydar, til dømes i Sogndal og Bergen der ein har leigd ut kyrkjer og kyrkjelydshus, bl.a. til ortodoks gudsteneste for eritrearar.

Trus- og livssynsdialog

Indikator: Tal på fora for religionsdialog

Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB) er vårt forum for religionsdialog. Senteret arbeider med trus- og livssynbasert dialog. I 2025 var eit av hovudprosjekta: «Forebygging av rasisme og fordommer i skolen», eit dialogkonsept til bruk i skulen. Senteret arrangerer «Den lille store samtalen» på Bergen Offentlige Bibliotek, har arrangement ved Mangfaldsveka og tek del i besøk til ulike trussamfunn i samarbeid med STL (Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn) og mykje anna.

Kyrkja har hatt stand på Alternativmessene i Bergen i mange år. Standen blir tverrickyrkjeleg betjent med heile bredda i kyrkjelandskapet og har i seg sjølv hatt ein dialogisk effekt. Kirkens SOS har vore administrativ ressurs, og leia arbeidet med Areopagos som ein god støttespelar. Dei siste åra har Kirkelig dialogsenter tatt administrativt ansvar. Folk frå mange ulike kyrkjer i Bergensområdet har stått på standen; diakonar, prestar, kateketar og vanlege medlemmar. Kyrkja har oftast hatt seminar på messene og har mellom anna hatt tema om sjølvmoordsforebygging (ved Kirkens SOS). Messa har dei siste åra vore på Bryggen, og tilbodet kyrkja gir er samtale, bøn og forbøn. Det blir delt ut bibelvers, bøner og litteratur gratis. Organisasjonen Godt Nytt stiller med ulik gratislitteratur som NT og Markusevangeliet. Messene er viktige lyttestader for å bli kjent med alternativ tenking og spiritualitet, for å byggje ned fordommar mot kyrkja og for å finne ut kva religiøsitet som rører seg mellom folk som tek del ved slike messer.

3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje

3.B.1.3.1. Rekruttering

Resultatmål: Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka

Indikator: Tal på søkarar til vigsla stillingar, Tal på vakansar i vigsla stillingar

Vi har i 2025 tilsett 11 kvinner og 11 menn, totalt 22 prestar. I 2024 vart det tilsett 14 prestar, og det var 44 søknadar.

Våren 2025 var bispedømet representert på utdanningsmesse i Grieghallen saman med Bergen kirkelige fellesråd.

Gjennom året besøkte Thor Haavik, som bispedømet har frikjøpt til å drive med blant anna rekruttering, fleire bibelskular, folkehøgskular og skular i Bjørgvin der han heldt føredrag om

«Kvifor ta utdanning for å jobbe i kyrkja». Etter føredraget har det vore høve til samtale og til å kunne stille spørsmål.

Bjergvin bispedøme har sommarvikarar som bidreg i prestenesta. Vikarane kjem både frå Noreg og frå Danmark. Ut frå signal vi mottek trur vi tiltaket kan bidra til rekruttering til fast teneste på lang sikt.

Vigslingar

Biskopen har i 2025 vigsla ein diakon og sju prestar.

3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen

Resultatmål: Kyrkja har ein velfungerande organisasjon

Indikator: Sjukefråver, avviksmeldingar og varslar

Sjå meir informasjon under «Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjergvin bispedøme» i del IV. Sjukefråvæ er omtalt i kap. 3.B.3.3.1

Det blir jobba systematisk med melde-kultur. MittVarsel-portal fungerer godt som verktøy. Ny digital avviksportal er testa i slutten av 2025 og blir tatt i bruk i januar/februar 2026. Rapport på varsel og avvik vert meldt til RAMU-møta.

Bjergvinsamtalen



Frå den første Bjergvinsamtalen, i Vassenden kyrkje. Foto: Rune Garmann

Bispedømerådet inviterte sokneråda til samtale på to regionale samlingar i september, ein i Jølster, den andre i Bergen.

Rune Garmann, som er leiar for arbeidsutvalet for fellesrådsleiarnettverket i Bjergvin, var til stades på den første Bjergvinsamtalen. Han har skrive litt om sine inntrykk frå møtet:

Her fekk soknerådsmedlemer frå nordre delen av Bjergvin møte medlemene av bispedømerådet og nokre av staben ved bispedømekontoret, samt biskop Ragnhild, og høve til å samtale med desse og med kvarandre i uformelle og trivelege former.

Klokeleg nok var programmet innretta nettopp med tanke på at deltakarane skulle få rikeleg høve til samtale. Noko folk så absolutt visste å nytte seg av. Mange gode tankar og idéar vart nok lufta på gruppene og kring borda under måltida. Men kan hende største verdien av dagen var at han kan bidra til at folk i sokne- og fellesråda rundt om, ser at dei er delar av eit større arbeidsfelleskap, og at det er folk «der ute» som ein kan spele på lag med, om behovet skulle melde seg.

Samråd

Som i dei andre bispedøma, vart det arrangert digitalt samråd før kyrkjemøtet. I Bjørgvin vart dette halde 24. mars. Der fekk ein presentert saker til Kyrkjemøtet, og deltakarane kunne vera med å gje innspel til bispedømerådsmedlemene om kyrkjemøtesaker. Arrangør var kyrjerådet.

3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling

Resultatmål: Kompetanseutvikling vert styrka

Indikator: Tal på gjennomførte e-læringskurs, kvalitativ vurdering (HR/BDR)

I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2025 81 e-læringskurs mot 163 i 2024.

Innføring for sommarvikarar vart gjennomført for 10 personar juni/juli 2025 ved prostane og HR- avdelinga.

Lokale kompetansehevingstiltak

Det skjer mykje god kompetanseutvikling lokalt som prostane står for. Tema som er tatt opp på sju prestekonvent og på tverrfaglege konvent bidreg til refleksjon og utvikling i tenesta. Prostia sine studieturar er òg kompetanseheving. Det er ein føresetnad for få REU-støtte at ein har eit solid studieopplegg, gjerne med litteraturstudiar på førehand.

Regionale kompetansehevingstiltak

Stiftsmøte for prestane i Bjørgvin bispedøme

21. – 22. mai var prestane i Bjørgvin samla til Stiftsmøte på Grand Hotell Terminus i Bergen.

Tema for møtet var **Guds miskunn – vårt kall**

På programmet var bl.a:

- Miskunn og mildhet i en stadig kaldere verden
v/professor ved HVL Paul Otto Brunstad
- Kva med “din indre prest”?
v/prest/samtalepartner ved Haraldsplass samtalesenter May Bente Stuart Matre
- Er det noko som rører seg no? Om auka interesse blant unge for tru og kyrkje
- Nikea-konsilet, 1700 år sidan. v/førstelektor i teologi, religion og filosofi ved NLA, Peder Solberg
- Den norske kyrkja sitt forhold til jøder og jødedom
prost Jan Tommy Fosse og undervisningsrådgevar Sverre Johan Nærheim
- Beredskap v/domprost Gudmund Waaler

Seminar:

- Sekularisering - Charles Taylor som nøkkel til å forstå samtida
- Byggekløssar for gudsteneste som ungdomsarbeid
- Gå-kyrkje/ Utekyrkje – Korleis enkelt laga til vandringar for alle aldersgrupper
- Soknepresten si rolle i rådet. Soknerådet prestens beste venn?

Etter- og vidareutdanningsarbeid (REU)

I 2025 deltok 14 prestar i etter- og vidareutdanning med støtte frå Regionalt etterutdanningsutval (REU). Kursa er har stor variasjon i tema. AVU utdanning går over fleire år og gjev 60 stp, medan andre kurs som Prest og teolog i Praksis gjev 5 stp.

3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd

3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar

Dei nærare 150 kyrkjemusikarane i bispedømet er sentrale tilretteleggjarar av konsert- og kulturarrangement i soknet. Bispedømet har årlege fagdagar der mange av dei møtest. I år var fagdagan i september i Bergen. Tema var rekruttering til tenesta. Vi hadde besøk frå orgelskular i Sverige og Danmark og deltakarane fekk også byggja eit “byggesett-orgel” (Doe orgen) som kan nyttast for skulelevar. I år var vi 52 deltakarar inkludert ein delegasjon frå Møre bispedøme.

3.B.2.1.1. Konsertar og kulturarrangement

Resultatmål: Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator: Tal på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelyden/andre aktørar (SSB)

Talet på konsertar er ganske stabil, med unnatak av 2024 som hadde ein topp. Ein kan merka seg ei lita nedgang på eigne kulturarrangement

Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Totalt
2025	985	625	187	48	1845
2024	1095	603	213	31	1942
2023	907	568	237	45	1757
2022	939	555	275	61	1830
2021	557	283	113	33	986
2020	444	200	162	25	831
2019	904	561	311	73	1849
2018	911	552	283	106	1852

Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2025	77844	99291	14786	8349	200270
2024	79270	94999	16910	3794	194973
2023	63717	88420	15672	6662	174471
2022	69672	73244	15657	5103	163676
2021	22844	27542	5867	1707	57960
2020	18143	14126	8374	952	41595
2019	77654	93609	24582	5068	200913
2018	83340	93970	26792	8511	212613

3.B.2.1.2. Kulturarv

Resultatmål: Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt

Indikator: Tal på kyrkjelydar med opne kyrkjer. Pilegrimsrapportering (SSB, BDR) Samarbeid med andre om kulturarv

Opne kyrkjer

	Sokn med open kyrkje					Totalt dagar med open kyrkje					
	2019	2022	2023	2024	2025	2019	2022	2023	2024	2025	
Bjørgvin	67	85	71	73	82	3120	2383	2566	2520	2097	
Landet totalt	558	639	593	611		28858	22598	23064	24759		

Pilegrimsarbeidet

Pilegrimsmotivet er blitt ein naturleg del av kyrkja sin kvardag og det enkelte sokn etablerer sine pilegrimstradisjonar ut frå sin historie og korleis dei kan aktualiserast i dag.

Røldals pilegrimssenter er den tidlegare prestegarden, som Ullensvang kommune har kjøpt og gjort om til Pilegrimsgard med vertskap og tidebøner.

Dei regionale pilegrimssentra i Selje og Bergen, som no har eksistert i nærare fem år, etablerer samarbeidsrelasjonar med både kyrkje og lokalsamfunn på dei 10 nøkkelstadane frå Moster til Selje.

I Bergen har Kystpilegrimspresten etablert pilegrimsbøn tysdagar og torsdagar kl. 12. i Mariakirken. Pilegrimssenteret som vart opna i august 2025 ligg i Mariastuene. Og Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva Bergen vart stifta våren 2025. Dei arrangerer byvandringar, og har hatt pilegrimsvandringar til dømes ved Lysekloster, Smøråsen,

Løvstakksiden. Det er løyvd midlar til Naturrom Lygra over statsbudsjettet – og arbeid med pilegrimstenking rundt Lygra. Det vart arrangert pilegrimstur frå Moster til Røldal i juli.

Samarbeid om kulturarv

Kyrkjebevaring

I Korskirken i Bergen var over 100 menneske samla til konferansen «Ei ny tid for kyrkjebygga våre» 3. og 4. februar.



Glade mottakarar av støtte frå kyrkjebevaringsfondet med representantar for Bergen kirkelige fellelsråd, Kyrjekultur Vest, Museumssenteret i Hordaland, Osterøy kyrkjelege fellelsråd, Sunnfjord kyrkjelege fellelsråd, Kvam kyrkjelege fellelsråd og Sogndal kyrkjelege fellelsråd.

Konferansen var den første i sitt slag, og målet var at ulike aktørar frå kyrkjeieigarar og kommunar til handverkarar og museum med kompetanse på kulturminne kunne bli kjende med det nye kyrkjebevaringsfondet for kulturhistoriske verdifulle kyrkjebygg, og rigga seg til å søkja midlar eller medverka med sin kompetanse og sine tenester.

Bjergvin bispedøme tok intitiativ til konferansen saman med Vestland fylkeskommune, og den vart arrangert av desse saman med Bergen kommune, Bergen kirkelige fellelsråd, Akasia og Kirkens Bymisjon. Kyrjekultur Vest AS stod for praktisk gjennomføring og organisering.

3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjere berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt

3.B.2.2.1. Diakoni

Resultatmål: Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing

Indikator: Tal på kyrkjelydar med diakonal betening, kvalitativ vurdering

Om lag halvparten, 52% av kyrkjelydane har diakonal betening frå diakon eller diakoniarbeidar i fellesrådsområdet, det same som i 2024. Vi ser av statistikken at det rapporterte diakonale arbeidet har ein liten nedgang frå 2024 til 2025 og få fleire område er omtrent på nivået frå 2019.

Diakoni i Bjørgvin bispedøme	2019	2022	2023	2024	2025
Nokre utvalde tal frå SSB-statistikken					
Plan for diakoni	104	108	103	101	*
Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	45	48	59	57	62
- Tal på grupper	64	65	85	98	99
Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	80	67	73	76	71
- Tal på grupper	287	246	230	391	308
Andaktar på institusjon	125	118	120	122	120
- Tal på andaktar	3139	2755	2840	3096	2578
Besøksteneste	90	80	74	87	96
- Tal på besøk	5383	3613	3601	3762	3610
Tal på soknebod	441	431	468	560	469
Tilbod om sjelesorgsamtalar	128	127	121	125	122
- Tal på samtalar	2640	2685	3200	2822	2489
Tilbod om turar for kyrkjelyden	56	47	48	65	61
- Tal på turar	76	68	126	108	66
Integrering retta mot innvandrarar	37	38	44	44	35
Tilbod for funksjonshemma	27	43	52	53	48
Faste organiserte middagsfellesskap	-	-	43	55	52
Andre sosiale og diakonale tilbod	85	95	97	108	102

*Plan for diakon i er no ein del av «Kyrkja vår – samla plan for arbeidet i soknet»

Kompetanseheving diakoni

Bispedømet har skipa til to fagdagar for diakonar og diakonimedarbeidarar i 2025:

2. juni som del av tverrfagleg fagdag med undervisningstilsette: Nordisk frivillighet v/Asbjørn Finnbakk, rådgjevar Stavanger bispedøme, og om: Kyrkja si rolle i kriser, ulykker og katastrofar ved domprost Gudmund Waaler.

10. november i Bergen domkirke i samarbeid med Bergen Kirkelige Fellesråd om:

Ny tilskotsordning for diakoni frå nyttår – frå stilling til aktivitet. Kyrkja vår som verktøy i det diakonale arbeidet., v/ Mirjam Syltebø Endalew rådgjevar for diakoni og samfunn i kyrkjerådet som var med digitalt. Det var erfaringsdeling og samtale om: Korleis gjekk det på Helgemesse/ allehelgensdag, og foredrag ved biskop Ragnhild Jepsen: «Guds 4 døtre» - i diakonien lys.

3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket

Resultatmål: Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket

Indikator: Kvalitativ vurdering

Det var i 2025 141 temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og /eller misjon mot 135 i 2024. Dette er nesten like mange som i 2019 (144).

Vern om skaparverket – grøn kyrkje

Tal på grønne kyrkjelydar						
2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
36	37	39	39	39	*	*

*Alle Tall for Grønn kirke er under utvikling

Ein har ikkje satsa på rekruttering av "Grønne kyrkjelydar" i 2025 og talet er det same som i 2021- 2023. Det er ikkje tal for 2024 og 2025 fordi rapporteringa vert lagt om, ein har skifta namn til "Grøn kyrkje" og registreringa er lagt inn i strategiverktøyet «Kyrkja vår, samla plan for arbeidet i soknet».

3.B.2.2.3. Klima og miljøarbeid

Resultatmål: Den norske kyrkja sine utslepp og miljøbelastning vert redusert.

Indikator: Kvalitativ vurdering (BDR)

Bjergvin bispedømekontor har i fleire år, inntil 2024, vore miljøfyrtårnsertifisert og vi har gått gjennom vår reisepolitikk på stabsmøte og RAMU. Det vert oppfordra til å nytta tog ved reiser til Oslo når det går. Tilsette nyttar bildeleringen i Bergen for mange av tenestereisene, og vel elbil når det er mogeleg.

3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar

3.B.2.3.1. Misjon

Resultatmål: Samarbeid kyrkjelyd og misjon (SMM) vert styrka

Indikator: Kvalitativ vurdering (BDR)

Misjon og vennskapssamarbeid

SMM Bjergvin har dei seinare åra arbeidd med korleis misjon skal sjå ut framover lokalt og internasjonalt. I ei tid der vestlege folkekyrkjer går ein del tilbake i oppmøte og engasjement, må vi lære av dei landa der sekulariseringa har kome endå lenger enn hjå oss. SMM-organisasjonane med kontakt og arbeid i ulike land har difor mykje å lære oss. Og det er også avgjerande i denne tida at organisasjonane kjenner godt til kvarandre og dei lærdommane den enkelte organisasjonen har fått med seg.

Misjon handlar om kyrkja sitt oppdrag, både overfor den verdsvide kyrkja og i alt arbeid ein gjer i kyrkja lokalt. Difor er impulsane frå den misjonale tenkinga viktig. Vi treng engasjement i lokalkyrkjelydane både for å kunne lukkast med kyrkja sitt globale oppdrag ved misjon og for å lukkast med å skape gode lokale fellesskap. Misjonstenking er ein ressurs for den lokale kyrkjelyden samtidig som den hjelper oss å halde på det store biletet; det globale oppdraget. I dette arbeidet er misjonsavtale ei hjelp. Organisasjonane har ein del ressursar som kyrkjelydane kan få del i gjennom avtalene og kyrkjelydane støttar med bøn, informasjon, offer og gåver.

År	Misjonsavtalar
2025	118
2024	124
2023	125
2022	125
2021	131
2020	131

Det var i 2025 141 misjonsavtalar rapportert på SSB-skjemaet og 118 misjonsavtalar i Bjørgvin rapportert gjennom SMM. Rapporteringa frå SMM er no direkte frå organisasjonane – og kan vera litt mangelfull – så talet for 2025 er ikkje hundre prosent samanliknbart med 2024. Nedgang i avtalar handlar hovudsakleg om samanslåing av sokn, eller at ein er i prosess med skifte av avtale. Ein del sokn er så små at det ikkje er aktuelt å lage skriftlege misjonsavtalar. Ein del kyrkjelydar har avtaler med andre organisasjonar som ikkje er del av SMM-arbeidet. Fleire kyrkjelydar har to eller fleire avtaler, med ulike prosjekt i same organisasjon eller med ulike organisasjonar.

3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme

Resultatmål: Dnk synleggjer at ein høyrer til i den verdsvide kyrkja

Bjørgvin bispedøme vedtok i 2021 å starte vennskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba: *Iglesia Evangélica Unida sínodo luterano (forkorta IEU)*. Samarbeidet er koordinert gjennom Normisjon og handlar om gjensidig forbøn, nettkontakt, vitjingar, studiereiser og økonomisk støtte til løn av medarbeidarar. Kyrkjelydane i bispedømet vart bedne om å gi eit årleg offer til Cuba-samarbeidet, gjerne som ein del av ein «Cuba-søndag».

Det har i 2025 vore krevjande tilhøve for folket på Cuba, og spørsmål om olje/drivstoff/straum og relasjon til USA er tidvis i nyhendebildet også i Norge. Det har vore vurdert ny tur til Cuba for at biskop Ragnhild skal få følgje opp vennskapsbanda med kyrkja, men situasjonen har gjort at det er sett litt ut i tid. Dei er ei lita minoritetskyrkje som treng å bli sett, og dei gjer mykje med små ressursar. Vennskap forpliktar og vi vil søke å finne gode vegar for å halde dette samarbeidet oppe.

Bispedømet har og eit vennskapssamarbeid med Southwark Diocese, Church of England, i London. Der har det ikkje vore offisielle felles tiltak i 2025.

3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Resultatmål: Barne og ungdomsorganisasjonane deltar i kyrkjelydane

Satsinga på ungdom og unge vaksne har mange ulike element. Satsinga i St Jakob er kanskje mest synleg sidan det der no er særskilt mykje godt som skjer. Men det er også gode ting som skjer både på Stord og i Førde med sitt prosjekt : "Kraft" . Det er også ei lita rørsle av litt fleire som vert med i leiartrening, spesielt knytt til konfirmantleirer. Her er både KRIK og KFUK-KFUM gode samarbeidspartnarar, men også NMSU med sitt Follow me er inne i bispedømet, spesielt i Sunnfjord.

Konfirmantleiren Camp Vestland og KRIK Action er òg ein del bispedømet si satsing, og det er to store leirar på Framnes der KRIK brukar vinterferien og KFUK/M haustferien. I Nordfjord, Sunnfjord, Nordhordland og Sunnhordland er bispedømet sitt Saman-team inne som ressurs for konfirmantfestivalar. Det er òg systematisk arbeid med leiartrening rundt desse prosjekta.

Bispedømet har også si hovudsatsing Ungdomskonferansen Vegkryss, ei samling for unge leiarar der òg ungdomsdemokratiet inngår.

Samarbeidet med vårt regionale SBU har vært god. Dette er alle dei barne- og ungdomsorganisasjonane som har skrivne under avtalen og som har lokallag i Bjørgvin; Søndagsskulen, NMSU, Laget, Misjonssambandet Ung, Acta, Ung Kyrkjesong, KFUK-KFUM Norge, KFUK-KFUM speidarane og KRIK. Det har vore eit møte om våren og eit om hausten, både på Teams og med fysisk oppmøte. Det var valt eit AU frå KFUK-KFUM Norge, Søndagsskulen og NMSU som saman med rådgjevar har etablert ei nettside som kan fungere som ein ressurs, ein stad der sokna i kyrkja kan finne ut meir om det som dei ulike organisasjonane står for og kan tilby.

3.B.3 Kyrkja er meir for fleire

3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til, skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på

3.B.3.1.1. Digital kyrkje

Resultatmål: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.

kyrkja.no/bjorgvin	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Økter	53696	67047	48333	51718			
Unike brukarar	27769	34958	30564	33300			
Sidevisningar						81620	41459
Unike sidevisningar						67977	35977

Statistikken viser ein stor nedgang i lesarane sin aktivitet på nettsidene. Det kan skuldast mindre aktivitet på nettsidene pga redusert kapasitet etter nedbemanning og at programmet for nettstatistikk var ute av drift ein periode i løpet av sommaren.

Følgjarar på facebooksider

Ved utgangen av 2025 har profilen Biskop Ragnhild på facebook 2535 følgjarar. Dette er ein auke frå 2190 følgjarar 1. januar 2025. Det har vore ein kraftig auke i talet på visningar og reaksjonar på biskopen sine visningar. Den posten som fekk mest merksemd i 2024, vart lagt ut etter det amerikanske presidentvalet og hadde 15188 visningar og 1332 reaksjonar.

Mest merksemd i 2024 fekk ein post 4. august om at kyrkjeklokkene skulle ringa for alle som lid i den ufattelege krigen på Gaza, for borna, for dei som ikkje ser vona for morgondagen, for gislane som er tekne til fange. Posten hadde 66995 visningar og 4948 reaksjonar.

Den 14. desember var det eit terroråtak retta mot jødisk Hanukka-feiring på Bondi Beach, og biskopen skreiv «Hjartet mitt gret for dei som er råka av terroråtak i Australia, og for alle jødiske systre og brør i Noreg og over heile verda som sørgjer og er redde.» Posten hadde 43526 visningar og 2745 reaksjonar.

Den 18. september var biskopen i si heimbygd Ål, og skreiv «I dag fekk eg feire gudsteneste i Ål kyrkje, kyrkja der eg er døypt, konfirmert, vigd og vigsla. Der kjenner eg meg heime. Kvar er kyrkja du kjenner deg mest heime?» Posten hadde 26818 visningar og 2658 reaksjonar, blant dei 111 kommentarar.

Av postar elles som er mykje sett finn vi omtanke i samband med knivåtak i ein synagoge i Manchester, vigslingar, appel på solidaritetsmarkering for Gaza, nyttårshelsing og kyrkjejubileum.

Bjergvin bispedøme sin eigen facebookprofil hadde pr. 31. desember 1285 følgjarar. Dette er ein liten auke med 31 følgjarar i løpet av året.

Størst rekkevidde fekk ein post 12. august om at biskopen skulle ha morgonandaktane i NRK P1. Denne fekk 2806 visningar og 111 reaksjonar.

Ein video av klokke som ringde for Gaza fekk 1806 visningar.

3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering

Resultatmål: Universell utforming av og i kyrkja vert styrka

Indikator: Kvalitativ vurdering

Inkluderande kyrkjeliv

Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming						
2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
47	42	44	43	52	53	48

Talet på tilbod for menneske med utviklingshemming er stabilt og er i 2025 på same nivå som i 2019. Tilboda til utviklingshemma handlar i stor grad om klubbarbeid, konfirmantundervisning «Konf+» og tilrettelagte gudstenester, men også andre lokale tiltak som julefesttradisjon der denne gruppa også er med. Konfirmanttilbodet til ungdomar med utviklingshemming i Bergen er organisert som eit fast tilbod, Konf+ i Åsane med ein av prestane og vernepleiar Annette Lid Ussi som koordinator og ansvarleg ressursperson.

Temakveld og kinofilm

Inkluderingsutvalget i Bjørgvin bispedømme inviterte saman med BKF frivillige og tilsette til temakveld på Bergen kino 20. november om «Kirkens aktiviteter og fellesskap i møte med funksjonshemmedes rettigheter.» Temakvelden var støtta av kyrkjerådet og ein viste filmen "De makalause" av Kathrine Haugen Nordhus. Etterpå leia Annette Lid Ussi panelsamtale med biskop Ragnhild Jepsen, Kristine Bech-Sørensen og Margrethe H. Askeland.

3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap

Resultatmål: Folkekyrkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap

Indikator: Kvalitativ vurdering – gode historier

Bjørgvin bispedømme har arbeidd jamt og trutt med vaksenundervisning eller trusopplæring for vaksne. Ei av satsingane har blitt kalla "Tid for tru" og er så langt blitt til tre ressurshefte med grundig metodisk rettleiing og med omfattande ressursar for å halde bibelundervisning for vaksne. Konseptet liknar på Alpha-kurset og inneheld mat, undervisning og samtale i grupper. Hefta er utarbeidd av prest Bjørn K. Nygaard. Det første kom i 2014 og temaet var truvedkjenninga, i 2018 kom heftet om Filipperebrevet og i 2022 eit hefte om Første Korintarbrief. Hefta blir brukt i bispedømet, men også andre stader i landet, og inspirerer også til å drive undervisning med lokale ressursar. Vaksenundervisning kan vere kyrkjelydsbyggjande, og ny plan for kyrkjeleg undervisning vil fokusere meir på opplæring også for vaksne.

Kyrkjeleg vaksenundervisning og fellesskap	2019	2022	2023	2024	2025
Tilbod om bibelgrupper, samtalegrupper eller husfellesskap	66	66	68	64	70
Tal på grupper	226	196	189	183	255
Hadde kyrkjelyden bibelkurs/bibeltime Ja/Nei	21	22	27	22	28
Deltakarar bibelkurs	957	857	1093	811	1453 *
Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod? Ja/Nei	35	35	30	30	31
Tal på grupper	165	87	92	107	140

* Her er det truleg telt bibeltimar og nokon har tatt snitt tal per bibeltime og andre totaltal, så det reelle talet er uklart.

Vaksenundervisning krev ofte stabile kyrkjelydar med gode strukturar, og er sårbart ved vakansar og endring i personell. Vi ser ein god auke i tilbod og oppmøte for 2025, og det at bispedømet over tid minner på dette viktige arbeidet, og at kyrkjelydar delar erfaringar med kvarandre kan føre til positiv utvikling. I høve nye rammeplanar for undervisning løfter vi fram vaksenundervisningsaspektet.

3.B.3.1.4 Frivillig teneste

Resultatmål: Fleire vert engasjert til frivillig teneste i kyrkja

Indikator: Tal på frivillige (splitta på i kva samanhengar)

Frivillige i Bjørgvin bispedøme	2019	2023	2024	2025	Endring i % 2019-2025	Endring i % 2024-2025
Totale tal på frivillige	12 120	10876	11315	11494	-5,2	1,6
Gudstenesteplanlegging og gjennomføring	4 503	4152	4770	4674	3,8	-2,0
Barnarbeid (0 - 12 år)	2 486	1713	1714	1934	-22,2	12,8
Ungdomsarb. (13 + år)	2 061	1420	1579	1432	-30,5	-9,3
Diakonalt arbeid	2 076	2022	1964	1871	-9,9	-4,7
Kunst- og kulturarbeid	2 053	2202	2371	2416	17,7	1,9
Komitéar og utval	2 927	2968	2807	2766	-5,5	-1,5
- av dette i sokneråd	1 661	1659	1483	1300	-21,7	-12,3
I anna frivillig arbeid	1 846	1457	1681	1773	-4,0	5,5

3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid

Resultatmål: Fleire kyrkjelyder tilbyr fellesskap til nye i Norge.

Indikator: Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

Tilbod retta mot innvandrarak					Tilbod retta mot andre utsette grupper				
2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
16	38	44	44	35	7	18	20	26	23

3.B.3.1.6. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet

Kyrkja har eit stort potensiale til å skapa møteplassar fordi ho i prinsippet er relevant for alle generasjonar. Dei mange babysong-gruppene er eit godt døme på å møte folk der dei er i livet og skapa inkluderande fellesskap. Talet på deltakarar på baby- og småbornssong har auka frå 5419 til 6217.

Skal møteplassane fungera trengs god informasjon og kommunikasjon som når ut over kjernegruppa. Nokre kyrkjelydar er godt synlege på ulike kommunikasjonskanalar. Det er mange kyrkjeblad i bispedømet som når ut til mange i lokalsamfunnet med eit innhald som til dels kan vera nokså sterkt prega av kyrkja sine aktivitetar, men det er også eksempel på stoff som angår dei i lokalsamfunnet som ikkje er opptekne av livet innanfor kyrkja sine vegger. Nettsider og sosiale medium krev ressursar, nokon klarer prioriterte dette, men det er eit stort potensiale i å bli betre og meir synlege.

3.B.3.1.7. Digitale verktøy

Resultatmål: Kyrkja sine verktøy for digital samhandling vert utnytta

Digital møteverksemd og kurs – «Fokus på»

Både bispedømekontoret, prostane, prestane og mange stabar brukar digital kommunikasjon som Microsoft Teams til møter. Bispedømet sine rådgjevarar har bruka Teams og Zoom for både kurs og samtalar.

I 2024 skipa bispedømekontoret sine rådgjevarar til sju webinar/samtalemøte på Teams med tittelen «Fokus på» med følgjande tema:

- Gudsteneste for ungdom og erfaringsutveksling om ungdomsarbeidet akkurat no
- Korleis kommuniserer me påska i kyrkjelyden?
- Ung og snart konfirmert
- Korleis møta søkjande unge (oppfølging av same tema på Stiftsmøtet)
- Korleis kommuniserer me allehelgen?
- Korleis kommuniserer me jul?
- Byggeklossar for ungdomsgudstenester (oppfølging av same tema på Stiftsmøtet)

3.B.3.1.8 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd

Resultatmål: Kyrkja si rolle i sivilsamfunnet vert styrka

Indikator: Deltaking i kommunale kriseteam. Deltaking i fylkesberedskapsråd. Kvalitativ vurdering

Bispedømet deltek i fylkesberedskapsrådet med biskopen og med domprosten som vara. Når det gjeld deltaking i kommunale kriseteam er prest og/eller diakon med i dei aller fleste kommunar. Det er ei auka merksemd både i kyrkja og kommunane på både kriseberedskap og psykososiale kriseteam. Kyrkja vert dei fleste plassar rekna med som ein naturleg del av desse.

Det er generelt gode tilbakemeldingar på prestane sin innsats i kriser og etter ulukker, med open kyrkje og liknande tiltak.

3.B.3.2. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass

3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap

Resultatmål: Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap

Indikator: Sjukefråvær

	%	1-3 dagar	4-16 dagar	>16d
Bjørgvin	5,72 %	0,48 %	0,51 %	3,42 %
Kvinner	5,71 %			
Menn	5,73 %			

*Sjukefråværstala er henta i frå SD Worx. Fråværstala er rekna på bakgrunn av mogelege dagsverk. Skilnader mellom kvinner og menn i tal sjukefråværsdagar var ikkje tilgjengeleg frå SD Worx.

Björgvin har hatt eit samla sjukefråvæ for prestetenesta og administrasjonen på 5,72 % i 2025. Prestetenesta åleine har hatt eit sjukefråvæ på 5,81%. Det er nedgang frå 2024.

Sjukefråvæ Björgvin presteskapet og administrasjonen:

Årstal	2023	2023	2024	2025
Sjukefråvæ	4,68 %	2,91 %	6,06 %	5,72 %

Fråvæ vert følgt opp i samsvar med rutinane i handbøkene.

Likestilling, inkludering og mangfold

Det er utarbeidd og vedtatt eit forventningsdokument og ein handlingsplan for Den norske kyrkja når det gjeld arbeid med *Likestilling, inkludering og mangfold* (LIM). Med utgangspunkt i inkluderingsdugnaden og nemnde handlingsplan har Björgvin bispedøme nådd måla på følgjande punkt:

- Personar med hol i CV-en vert kalla inn til intervju.
- Det har vore tilrettelagt for tilsette med nedsett funksjonsevne
- Opplæring i inkludering, likestilling, og mangfold

Eit døme på det siste er LIM-dagar i kvart prosti. Det vart gjennomført fem LIM-dagar i 2025, (resten vart gjennomført i 2024). Tilsette i begge arbeidsgjevarlinjene er med på samlingane.

3.B.2.2 Presteteneste

Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje

Kyrkjelege handlingar pr prest

I 2025 hadde vi 52,8 gudstenester per prest. I 2024 var det 46,8. I normalåret 2019 hadde vi 53 og i 2018 51, noko som viser at vi er tilbake på same nivå som før pandemien.

Det er ein auke i konfirmantar og gravferder per prest, samt ein auke i talet på vigslar og dåpshandlingar. I snitt er det då 90,3 kyrkjelege handlingar per prest mot 88 i 2024.

	Prestar	Konfir- mantar	per prest	Vigslar	per prest	Grav- ferder	per prest	Dåps- handlingar	per prest
2025	138,1	4870	35,3	902	6,5	4277	31,0	4001	29,0
2024	139,65	4801	34,4	832	6,0	4334	31,0	3898	27,9
2023	155,5	4 844	31,2	788	5,1	4 386	28,2	3646	23,4
2022	154	4 730	30,7	938	6,1	4 688	30,4	4123	26,8
2021	156,5	4877	31,2	595	3,8	4247	27,1	3899	24,9
2020	154	4 944	32,1	558	3,6	4189	27,2	3544	23
2019	155,15	5 102	32,9	748	4,8	4152	26,8	4126	26,6
2018	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4259	27,9	4261	27,9
2017	152,15	5 247	34,5	885	5,8	4190	27,5	4503	29,6

Prestedekning

Vi har i 2025 150,1 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 5,5 spesialprest på institusjon eller studiestad. Dette inkluderer også prestar i St. Jakob, då dei ikkje er eige sokn. 11 prostar gjer 50 prosent presteteneste. Det gjev 138,1 årsverk i kyrkjelydsteneste.

I tillegg har vi hatt mange vakansar. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar. Både lokal prest og prost får eit meirarbeid når det er mange vikarar inne. Det blir difor ein slitasje over tid, når det er mange vakansar. I nokre prosti gjeld dette også stillingane i fellesrådslinja.

Aldersfordeling og stillingskategoriar faste og vikarar

Aldersfordeling	39 år og yngre	40-49	50-59	60 +	Totalt
Prostar + biskop	0	2	7	3	12
Prosti- og seniorprest	0	0	4	3	7
Spesialprest	1	1	1	1	4
Sokneprest	11	19	33	30	93
Kapellan	11	2	7	0	20
Prestevikar + pensjonistar	7	6	6	11	30

Tilsette pr 31.12.2025. Tala er henta frå Aditro Sdworx

Vurdering av bemanningssituasjonen

Björgvin bispedøme har høg gjennomsnittsalder på presteskapet. To tredjedelar av presteskapet vert pensjonistar i løpet av dei neste 20 åra. Rekruttering til prestetenesta må vera langsiktig då utdanninga tek tid. PUU (prest under utdanning) er eit av fleire rekrutteringstiltak. Pensjonistar er en god ressurs i bemanningssituasjonen.

3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd

Biskopens nyttårsmottaking

Biskop Ragnhild Jepsen inviterte den 16. januar 2025 til nyttårsmottaking i Bergen domkirke. Godt over 150 frammøtte fekk høyra biskopen sitt syn på året som har gått og tankar om året som kjem. Etter biskopens nyttårstale hadde kulturredaktør i Bergens Tidende Jens Kihl ein respons. Statsråd Kjersti Toppe heldt takketale, Bergen Domkirkes Jentekor song og Ragnhild Margrethe Gudbrandsen las «Nåde» av Jon Fosse.

Sjå også kap. 3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet.

3.C.1 Visitasar

2025 var det andre året med visitasar for biskop Ragnhild. Fleire rådgjevarar ved bispedømekontoret var med biskopen på kvar sin visitas hausten 2025.

1. Ullensvang, sist 2011/Odda 2015 - Hardanger og Voss prosti, veke 12:17.-20. og 23.mars
2. Luster, sist 2010 – Sogn prosti, veke 35: 26. – 28. og 31 august
3. Fjaler, sist 2011 – Sunnfjord prosti, veke 37: 9.-11. og 14. september
4. Knarvik og Lindås i Alver, sist 2011 – Nordhordland prosti, veke 43: 21.-23. og 26. oktober
5. Bjørnafjorden, sist 2010 Os/2012 Fusa – Fana prosti, veke 46: 11.-13. og 16 november
6. Loddefjord, sist 2012 – Domprostiet, veke 49: 2. - 3. og 7. desember 2025



Biskop Ragnhild på visitas i Loddefjord 7. desember. Frå venstre: Domprost Gudmund Waaler, Kapellan Gunnar Fagerbakke Eldevik, Biskop Ragnhild Jepsen, Tekstlesar Ragnhild Råket. Menighetsrådsformann Torstein Sætre. Sokneprest Arve Hansen Haugland

På visitasane var det lagt inn eit møte med alle kyrkjeleg tilsette i prostiet under eller nær visitasen for å synleggjera at biskopen har tilsyn med alle yrkesgrupper. Planen er at biskopen på denne måten skal ha oftare kontakt med dei tilsette ved å koma attende til kvart prosti annakvart år.

Sjømannskyrkja

Biskopen har tilsyn med Sjømannskyrkja sitt arbeid. Ho har vore på ein visitas med Sjømannskyrkja i 2025: Tyskland, veke 5: 29. januar – 2. februar

	2024	2025
Gudstenester	1451	1455
Deltakarar på gudstenester (nye tall levert 28.04)	79417	60448
Vigslar	412	332
Dåp	86	136
Konfirmantar	145	152
Graverder og minnemarkeringar	97	82
Gudstenester med nattverd	758	705
Nattverddeltakarar	36178	28202

IV: Styring og kontroll i verksemda

4.A. HMT/Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

Det overordna målet er at tilsette i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i samsvar med AML § 1 – 1, og som bidrar til at medarbeidarane kan utføre kyrkjjas oppdrag på ein god måte.

Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme

- 1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø
- 1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.
- 1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel
- 1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt
- 1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket

For å ivareta og nå det overordna målet for arbeidet med HMT i Bjørgvin bispedøme vart det planlagt

- a. samling for lokale verneombod
- b. samling for hovudverneombod
- c. stiftsdagar for alle kyrkjelege tilsette i mars 2026
- d. oppmoding om vernerundar i alle sokn.

I 2025 vart det gjennomført SOL-dagar (saman om å leie). SOL-dagane vart gjennomført i alle prosti. Da var mellom anna HMT-gjennomgang og HR på bispedøme tilbyr hjelp til prostia med HMT-arbeid.

Ved nærmare gjennomgang vart det planlagt fleire tiltak for å sikre dei ulike delmåla.

Detaljert handlingsplan er vedteke på RAMU.

Leiinga har eit godt samarbeid med hovudverneombod og stiftsstyreleiar. Det gjennomførast fire Kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Systematisk HMT-arbeid

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Introduksjonsprogrammet («onboarding») som vart utarbeida i 2022 er implementert og fungerer etter intensjonen.

Systematisk HMT-arbeid har også blitt ivareteke gjennom at alle fellesråd i Bjørgvin har vedteke og signert avtale om samordning. Arbeidet med å følgje opp avtalen om samordning har byrja og det har vore løfta fram på samlingar og kurs med fellesråd og kyrkjevevjer (SOL-dagar og HMT-gjennomgang).

Arbeidsmiljøet i nokre prosti har hatt spesiell merksemd. Det krev og tett samhandling med fellesrådet, og vi har nokre døme på at små fellesråd blir for sårbare i å handsama utfordringane ein står i.

Sjukefråvær blir følgt opp i samsvar med rutineane i handbøkene.

Klima har òg vore i fokus i 2025. Tilsette i administrasjonen følgjer reisepolicyane til rDnk og registrerer dette via G-travel.

Når det gjeld LIM så er det ei auka merksemd på korleis ein lukkast best mogleg på dette. LIM-kurs vart gjennomført i alle prosti i løpet av 2024 og 2025. Kirkerådet og/eller KA kallar inn til årlege digitale LIM-dagar.

Personalpresten

Eit viktig tiltak for eit godt arbeidsmiljø og for å gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom m.a. å leggja til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeidsrettleiing (ABV).

Retreat og åndeleg rettleiing

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2025 halde fram det gode samarbeidet med Haraldsplass diakonale stifting om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat på "Søsterhjemmet" på Haraldsplass. I ei av vekene i faste- og adventstida har ein retreatsamlingar som går over to kveldar.

Bispedømet har i 2025 og halde fram tilbodet om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer tilbodet kan møte ein av desse. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei får rettleiing på arbeidet dei gjer, og har tilbod om sjølv å gå i åndeleg rettleiing. Hausten 2025 starta og to prestar på vidareutdanning i åndeleg rettleiing som vil vere med å rekruttere nye rettleiarar.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av tilboda. Erfaringa syner og at dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleða til dei som nyttar seg av dei.

Arbeidsrettleiing (ABV)

I 2025 har 13 ABV-grupper vore i aktivitet i Bjørgvin bispedøme med til saman 81 deltakarar. 57 av deltakarane har vore prestar tilsette i bispedømmerådet , og 24 deltakarar har vore medarbeidarar tilsette i kyrkjeleg fellesråd. Av dei 13 gruppene har det vore:

- 9 tverrfaglege grupper
- 2 grupper for prostar
- 1 gruppe for kyrkjeverjer
- 1 gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

I hovudsak er samlingane i ABV-gruppene fysiske, men nokre av gruppene har og hatt samlingar på Teams. Det har vist seg å vere ei tenleg løysing i kombinasjon med dei fysiske samlingane.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Når ein blir med bind ein seg for to år, og sidan for eitt år om gangen. Det varierer kor lenge ein er med i ei gruppe, men mange er med over lang tid.

I 2025 har det vore åtte medarbeidarar som har leia ei eller fleire ABV-grupper. Tre av desse vart ferdig utdanna arbeidsrettlearar våren 2025. Samstundes starta to nye medarbeidarar på si treårige arbeidsrettlearutdanning (AVU) hausten 2025. Rettleiarane vert fylgd opp fagleg. Dei får rettleiing på arbeidet dei utfører, og kvart år møter dei kvarandre på ein fagdag. Bispedømet har og ei styringsgruppe for ABV-arbeidet med medlemmer frå begge arbeidsgjevarlinene.

Omlag ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2025 vore med i ei ABV-gruppe. I tillegg kjem eit aukande tal av fellesrådstilsette. Tilbakemeldingane og fortellingane om verdien av å vere med i ABV er mange både frå deltakarar og rettleiarar. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har! Det er og eit viktig kulturarbeid som fremjar samarbeide mellom ulike tenestegrupper.

4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja». Det er ulikt korleis dette ser ut i dei ulike prostia. Vi har framleis nokre prosti der det er få kvinner, mens det er og nokre prosti som har ein balansert fordeling. Arbeidsgjevar har i mange år lagt til rette for at kvinnelege arbeidstakarar kan bli med i eit kvinnenettverk som samlast to gonger i året.

Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2025

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
103	53	51.5%	22	11	50%

NB: Tal på søknadar inneheld og søknadar frå ukvalifiserte og søkjarar som har søkt fleire stillingar blir telde som meir enn ein søknad. Bjørgvin jobbar for å få fleire kvinner i presteteneste. I 2025 var det like mange kvinner og menn som vart tilsett.

	2017	2018	2019	2022	2023	2024	2025
Kvinnelege søkjarar	45 %	20 %	23 %	22 %	35 %	32 %	51.5%
Kvinner tilsett	50 %	33 %	24 %	27 %	45,5 %	28,6 %	50 %

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret

Bjørgvin	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Administrasjonen	2	2	4	50
Presteskapet	3	8	11	27

Når det gjeld kvinnedelen i leiarstillingar i presteskapet ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Det inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinnedelane i bispedømet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

4.C Vurdering av internkontroll

Internkontroll: Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgt opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå rutinar i rettssubjektet. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme starta i 2025 eit arbeid med å revidere interne rutinar, der dette og gav eit startpunkt for ekstra fokus på opplæring av prostane. Omorganiseringa med tettare samarbeid mellom bispedøma og kyrkjerådet, gjev fornya kompetanse i HR-avdelinga. Frukta av dette er at vi vidare betre kan følgje opp det systematiske HMT-arbeidet, gjennomgå rutinar ved prosjektstyring og samarbeidsavtalar med fellestråda. Dette har danna grunnlag for auka tiltak for forbetring og læring i 2025. Vi har også hatt internrevisjon og gjennom det fått satt merksemd på nokre område vi kan forbetre. SOL-dagar (saman om å leie) og HMT-gjennomgang vart gjennomført i alle prosti i 2025.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutineane fungerer etter intensjonen.